

RÅDSDIREKTIV 2008/71/EF

2015/EØS/49/16

av 15. juli 2008

om identifikasjon og registrering av svin

(kodifisert utgåve)(*)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 37,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen,

med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽¹⁾ og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Rådskonferensdirektiv 92/102/EØF av 27. november 1992 om identifikasjon og registrering av dyr⁽²⁾ er vorte monalege endra fleire gonger⁽³⁾. Av omsyn til klarleiken og av praktiske grunnar bør det nemnde direktivet difor kodifiserast.
- 2) I medhald av artikkel 3 nr. 1 bokstav c) i rådskonferensdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innanfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked⁽⁴⁾ må dyr som er meinte for handel innanfor Fellesskapet, identifiserast i samsvar med krava i fellesskapsreglane, og registrerast på ein slik måte at den driftseininga, sentralen eller organisasjonen som dyra kjem frå eller har passert gjennom, kan sporast. Desse identifikasjons- og registreringssystema skulle innan 1. januar 1993 utvidast til òg å omfatte flytting av dyr innanfor territoriet til kvar einskild medlemsstat.
- 3) I artikkel 14 i rådskonferensdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av

veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽⁵⁾ er det fastsett at identifikasjonen og registreringa i medhald av artikkel 3 nr. 1 bokstav c) i direktiv 90/425/EØF av slike dyr, bortsett frå slaktedyr og registrerte dyr av hestefamilien, skal utførast etter at den nemnde kontrollen er gjord.

- 4) Det bør sikrast at opplysningar vert utveksla snøgt og effektivt mellom medlemsstatane, slik at dette direktivet vert nytta på korrekt måte. Det er fastsett fellesskapsføresegner om dette i rådskonferensdirektiv (EF) nr. 515/97 av 13. mars 1997 om gjensidig bistand mellom medlemsstatenes forvaltningsmyndigheter og om samarbeid mellom dem og Kommissjonen for å sikre riktig anvendelse av toll- og landbruksbestemmelsene⁽⁶⁾ og i rådskonferensdirektiv 89/608/EØF av 21. november 1989 om gjensidig bistand mellom medlemsstatenes forvaltningsmyndigheter og om samarbeid mellom dem og Kommissjonen for å sikre riktig anvendelse av veterinær- og avlsbestemmelsene⁽⁷⁾.
- 5) Dyrehaldarar bør ha ajourførte register over dyr som finst på driftseiningane deira. Personar som driv handel med dyr, bør føre register over transaksjonane sine. Den rette styresmakta bør på oppmoding ha tilgang til desse registra.
- 6) For å kunne spore rørselene til dyr på ein snøgg og presis måte, bør dyra kunne identifiserast. Avgjerda om kva type merke dette skal vere, bør takast på eit seinare tidspunkt, og før ei slik avgjerd vert teken, bør dei nasjonale systema for identifikasjon haldast ved lag for flytting som er avgrensa til den nasjonale marknaden.
- 7) Det bør vere mogleg å få unntak frå krava om merking for dyr som vert flytte direkte frå ei driftseining til eit slakteri. Under alle omstende bør desse dyra likevel identifiserast, slik at opphavsdriftseininga deira kan sporast.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 213 av 8.8.2008, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 114/2010 av 10. november 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av 3.3.2011, s. 1.

⁽¹⁾ Fråsegn gjeven 11. mars 2008 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

⁽²⁾ TEF L 355 av 5.12.1992, s. 32. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 21/2004 (TEU L 5 av 9.1.2004, s. 8).

⁽³⁾ Sjå vedlegg I del A.

⁽⁴⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådskonferensdirektiv 2002/33/EF (TEF L 315 av 19.11.2002, s. 14).

⁽⁵⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 352).

⁽⁶⁾ TEF L 82 av 22.3.1997, s. 1. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 807/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 36).

⁽⁷⁾ TEF L 351 av 2.12.1989, s. 34.

- 8) Det bør vere mogleg å få unntak frå plikta til å registrere personar som held dyr til eigen bruk, og, for å ta omsyn til visse særlege tilfelle, frå framgangsmåtane for føring av register.
- 9) Dersom eit merke er vorte uleseleg eller har gått tapt, bør dyret påførast eit nytt merke, slik at det vert mogleg å kople dette til det førre merket.
- 10) Dette direktivet bør ikkje røre ved dei særskilde krava som er fastsette i kommisjonsvedtak 89/153/EØF av 13. februar 1989 om sammenhengen mellom prøver tatt med sikte på undersøkelser for restmengder og dyrene og deres opprinnelsesenheter⁽¹⁾, eller andre relevante gjennomføringsføresegner som er fastsette i direktiv 91/496/EØF.
- 11) Det bør fastsetjast ein framgangsmåte med forvaltningsutval for vedtakinga av alle føresegner som er naudsynte for gjennomføringa av dette direktivet.
- 12) Dette direktivet rører ikkje ved dei pliktene medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving av det direktivet som er oppført i vedlegg I del B —
- b) «driftseining» alle verksemder, bygningar eller, når det dreier seg om utegangaroppdrett, alle stader der det vert drive dyrehold, dyreavl eller dyrehandtering,
- c) «dyrehaldar» alle fysiske eller juridiske personar som har ansvar for dyr, òg mellombels,
- d) «rett styresmakt» den sentrale styresmakta i ein medlemsstat som har ansvaret for å utføre veterinærkontroll, eller den styresmakta som har fått delegert ansvaret for å gjennomføre dette direktivet,
- e) «handel» handel slik det er definert i artikkel 2 nr. 3 i direktiv 90/425/EØF.

Artikkel 3

1. Medlemsstatane skal syte for at
- a) den rette styresmakta har ei ajourført liste over alle driftseiningar som held dyr som er omfatta av dette direktivet, og som finst på territoriet til medlemsstaten, med opplysningar om dyrehaldarane; desse driftseiningane skal vere oppførte i lista i tre år etter at dyreholdet har teke slutt. Lista skal òg gje opplysningar om kva slags merke som vert nytta til identifikasjon av driftseininga i samsvar med artikkel 5 nr. 2 andre leddet og artikkel 8,
- b) Kommisjonen og den rette styresmakta kan få tilgang til alle opplysningar som er samla inn i medhald av dette direktivet.

2. I samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 18 i direktiv 90/425/EØF, kan medlemsstatane få løyve til å utelate frå lista i nr. 1 bokstav a) i denne artikkelen, fysiske personar som held berre eitt dyr som er meint for eigen bruk eller eige konsum, eller til å ta omsyn til særskilde tilhøve, såframt dette dyret før all flytting vert underlagt dei kontrollane som er fastsette i dette direktivet.

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I dette direktivet er det fastsett minstekrav til identifikasjon og registrering av dyr, med atterhald for at det kan fastsetjast meir detaljerte fellesskapsreglar for utrydding av eller kontroll med sjukdommar.

Direktivet skal nyttast utan at det rører ved vedtak 89/153/EØF og dei gjennomføringsreglane som er fastsette i samsvar med direktiv 91/496/EØF.

Artikkel 2

I dette direktivet tyder:

- a) «dyr» alle dyr av familien *Suidae*, bortsett frå viltlevande svin slik det er definert i artikkel 2 bokstav b) i rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽²⁾,

Artikkel 4

1. Medlemsstatane skal syte for at alle dyrehaldarar som er oppførte i den lista som er fastsett i artikkel 3 nr. 1 bokstav a), fører eit register over talet på dyr som finst på driftseininga.

Registeret skal omfatte ajourførte opplysningar om flyttingar (talet på dyr som kvar gong vert førte inn i og ut av driftseininga), minst på grunnlag av samla tilgang og avgang, og gje opplysningar om, alt etter kva som er tilfellet, opphavsstaden eller mottakarstaden, og dessutan datoen for slike flyttingar.

⁽¹⁾ TEF L 59 av 2.3.1989, s. 33.

⁽²⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

Det skal alltid gjevast opplysningar om identifikasjonsmerket som vert nytta i samsvar med artikkel 5 og 8.

Når det gjeld reinrasa svin og hybridsvin som er oppførte i ei stambok i samsvar med direktiv 88/661/EØF av 19. desember 1988 om avlstekniske standarder for avlsdyr av svin⁽¹⁾, kan eit registreringssystem som byggjer på individuell identifikasjon av dyra, godkjennast etter den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 18 i direktiv 90/425/EØF, dersom systemet gjev garantiar som er jamgode med eit register.

2. Medlemsstatane skal òg syte for at

- a) alle dyrehaldarar på oppmoding gjev den rette styresmakta alle opplysningar om opphav og identifikasjon, eventuelt òg om mottakarstad, for dyr som dyrehaldaren har eigd, halde, transportert, marknadsført eller slakta,
- b) alle dyrehaldarar som flytter dyr til eller frå ein marknad eller ein oppsamlingsentral, legg fram eit dokument med nærmare opplysningar om dyra, for den som mellombels held dyra på marknaden eller i oppsamlingsentralen.

Denne personen kan nytte dei dokumenta som er lagde fram i samsvar med første leddet for å oppfylle dei pliktene som er fastsette i nr. 1 tredje leddet,

- c) registra og opplysningane er tilgjengelege på driftseininga, og på oppmoding vert stilte til rådvelde for den rette styresmakta i eit tidsrom som skal fastsetjast av den rette styresmakta, men som ikkje kan vere kortare enn tre år.

Artikkel 5

1. Medlemsstatane skal syte for at følgjande allmenne prinsipp vert oppfylte:

- a) identifikasjonsmerka skal påførast før dyra vert flytte frå driftseininga der dei er fødte,
- b) ingen merke kan fjernast eller byttast ut utan løyve frå den rette styresmakta.

Dersom eit merke vert uleseleg eller går tapt, bør eit nytt merke påførast i samsvar med denne artikkelen,

- c) dyrehaldaren skal føre opp alle nye merke i det registeret som er nemnt i artikkel 4, slik at det vert laga ei kopling til det førre merket.

2. Dyra skal merkjast så snøgt som råd og i alle tilfelle før dei vert flytte frå driftseininga, med eit øymerke eller ei tatovering som gjer det mogleg å fastsetje kva driftseining dei kom frå, og å vise til den lista som er nemnd i artikkel 3 nr. 1 bokstav a); øymerket eller tatoveringa skal førast opp i alle følgjedokument.

Som unntak frå artikkel 3 nr. 1 bokstav c) andre leddet i direktiv 90/425/EØF kan medlemsstatane nytte det nasjonale systemet sitt på all flytting av dyr som finn stad på territoriet deira. Systemet skal gjere det mogleg å identifisere driftseininga som dyra kjem frå, og å finne attende til driftseininga der dei er fødte. Medlemsstatane skal melde frå til Kommisjonen om kva system dei vil nytte for dette føremålet. Ein medlemsstat kan etter den framgangsmåten som er fastsatt i artikkel 18 i direktiv 90/425/EØF, verte beden om å endre systemet sitt dersom det ikkje er i samsvar med det nemnde kravet.

Eit dokument som gjer det mogleg å fastsetje opphavsstad, eigar, avsenderstad og mottakarstad, skal følgje med ved flytting av dyr som er påført eit mellombels merke som identifiserer eit parti.

Artikkel 6

1. Dersom den rette styresmakta i mottakarstaten vedtek at det identifikasjonsmerket som dyret vart tildelt på opphavseininga, skal byttast ut, skal alle utgifter i samband med utskiftinga av merket berast av den nemnde styresmakta. Dersom merket er vorte bytt ut, skal det lagast ei kopling mellom den identifikasjonen som er tildelt av den rette styresmakta i avsenderstaten, og den nye identifikasjonen som er tildelt av den rette styresmakta i mottakarstaten. Denne koplinga skal førast opp i det registeret som er nemnt i artikkel 4.

Det alternativet som er nemnt i det første leddet, gjeld ikkje for slaktedyr som vert innførte i medhald av artikkel 8 utan å ha fått eit nytt merke i samsvar med artikkel 5.

2. Når det er handla med dyr, kan den rette styresmakta i mottakarstaten, med omsyn til gjennomføringa av artikkel 5 i direktiv 90/425/EØF, krevje rett etter føresegnene i artikkel 4 i direktiv 89/608/EØF til å samle inn opplysningar om dyra, opphavsbuskapen og ei eventuell flytting av dyra.

⁽¹⁾ TEF L 382 av 31.12.1988, s. 36. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

Artikkel 7

Medlemsstatane skal syte for at alle opplysningar om flytting av dyr som ikkje har med seg eit sertifikat eller eit dokument som veterinær- eller avlslovgjevinga krev, skal lagrast slik at dei på oppmoding kan leggast fram for den rette styresmakta innan ein frist som skal fastsetjast av den same styresmakta.

Artikkel 8

Alle dyr som er innførte frå ein tredjestat og er godkjende ved kontroll slik det er fastsett i direktiv 91/496/EØF, og som vert verande på territoriet til Fellesskapet, skal identifiserast ved hjelp av eit merke i samsvar med artikkel 5 innan 30 dagar etter at dei har gjennomgått den nemnde kontrollen, og i alle høve før dei vert flytte, med mindre mottakareininga er eit slakteri som ligg på territoriet til den styresmakta som er ansvarleg for veterinærkontrollen, og dyra faktisk vert slakta innanfor fristen på tretti dagar.

Det skal lagast ei kopling mellom den identifikasjonen som er nytta av tredjestaten, og den identifikasjonen som vert tildelt dyret av mottakarstaten. Denne koplinga skal førast opp i det registeret som er nemnt i artikkel 4.

Artikkel 9

Medlemsstatane skal gjere dei forvaltingsmessige tiltaka og/eller straffetiltaka som er naudsynte for å gripe inn mot alle brot på veterinærregelverket til Fellesskapet, dersom det vert fastslått at merkinga eller identifikasjonen av dyr eller føringa av register slik det er fastsett i artikkel 4, ikkje er utført i samsvar med krava i dette direktivet.

Artikkel 10

Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 11

Direktiv 92/102/EØF, endra ved dei rettsaktene som er oppførte i vedlegg I del A, vert oppheva, utan at det rører ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving av dei direktiva som er nemnde i vedlegg I del B.

Tilvisingar til det oppheva direktivet skal forståast som tilvisingar til dette direktivet, og skal lesast i samsvar med jamføringstabellen i vedlegg II.

Artikkel 12

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 13

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 15. juli 2008.

For Rådet

M. BARNIER

Formann

VEDLEGG I

DELA

Oppheva direktiv med liste over endringer

(nemnt i artikkel 11)

Rådsdirektiv 92/102/EØF
TEF L 355 av 5.12.1992, s. 32.

Nr. V.E.I.4.6. i vedlegg I til tilmeldingsakta av 1994
(TEF C 241 av 29.8.1994, s. 21)

Rådsforordning (EF) nr. 21/2004
(TEU L 5 av 9.1.2004, s. 8)

Berre artikkel 15

DEL B

Liste over fristar for innarbeiding i nasjonal lovgjeving

(nemnde i artikkel 11)

Direktiv	Frist for innarbeiding ⁽¹⁾
92/102/EØF	31.12.1993 ⁽²⁾
	31.12.1995 ⁽³⁾

⁽¹⁾ Fastsetjinga av fristen for innarbeiding i nasjonal lovgjeving til 1. januar 1994 rører ikkje ved opphevinga av veterinærkontrollar ved grensene slik det er fastsett i direktiv 90/425/EØF (sjå artikkel 11 nr. 3 i direktiv 92/102/EØF).

⁽²⁾ For krava med omsyn til svin (sjå første strekpunktet i artikkel 11 nr. 1 i direktiv 92/102/EØF).

⁽³⁾ For Finland, med omsyn til krava til storfe, svin, sau og geit (sjå i artikkel 11 nr. 1 første strekpunktet) i direktiv 92/102/EØF).

VEDLEGG II

JAMFØRINGSTABELL

Direktiv 92/102/EØF	Dette direktivet
Artikkel 1, 2 og 3	Artikkel 1, 2 og 3
Artikkel 4 nr. 1 bokstav a)	Artikkel 4 nr. 1
Artikkel 4 nr. 2	—
Artikkel 4 nr. 3	Artikkel 4 nr. 2
Artikkel 5 nr. 1 bokstav a), b) og c)	Artikkel 5 nr. 1 bokstav a), b) og c)
Artikkel 5 nr. 1 bokstav d)	—
Artikkel 5 nr. 3	Artikkel 5 nr. 2
Artikkel 6–9	Artikkel 6–9
Artikkel 10	—
Artikkel 11 nr. 1	—
Artikkel 11 nr. 2	Artikkel 10
Artikkel 11 nr. 3	—
—	Artikkel 11
—	Artikkel 12
Artikkel 12	Artikkel 13
—	Vedlegg I
—	Vedlegg II